



Voss og omland LOP

Lokallag for kommunane: Aurland, Granvin, Ulvik, Vaksdal og Voss
under

LANDSLAGET FOR OFFENTLIGE PENSJONISTER

Internett adresse: www.lop.no

ÅRSMØTE 2014

Årsmøte 2014 for Voss og omland LOP vart halde i Velferdssentralen i Sosialbygget torsdag 20. februar 2014 kl 17 – 19:30. 27 medlemmer møtte opp. I tillegg foredragshaldarar og musikar.

Leiaren Ragnhild Mølster Lidal ynskte møtelyden velkomen og orientere raskt om programmet for møtet.

Allsong

Orientering om seniorgruppa i Voss Utferdslag ved Bjarne Fosse og Bjørn Grande. Orienteringa omfatta både opplysingar om korleis gruppa er organisert og om diveres turar som gruppa har gjennomført. Gruppa vart starta i 2012.

Musikalsk innslag ved Arne Viste.

Årsmøte

Konstituering:

Møteleiar: Ragnhild Mølster Lidal.

Referantar: Ola Folkestad og Eldbjørg Foldnes Finne.

Teljekorps: Marit Eidhammer og Brit Folkestad.

Protokollunderskrivarar: Eli Bergstrøm og Asle Bergstrøm.

Det var ingen motkandidatar og alle vart valde med akklamasjon.

Innkalling og sakliste:

Ingen merknad

Styret si årsmelding for 2013:

Ragnhild Mølster Lidal las årsmeldinga. Det vart påpeikt at 33 medlemmer deltok på årsmøtet 2013. Elles ingen merknad.

Rekneskap for 2013:

Kasserar Ivar Lindland la fram og kommenterte rekneskapen for 2013. Rekneskapen som er revidert av Gunnar Grove utan merknader viser:

Inntekter i alt på kr 52.289,50

Utgifter i alt kr 50.215,46

Total egenkapital kr 41.895,19

Vedtak: Rekneskapen vart godkjend.

Val:

På vegne av valnemnda la Britt Hernes fram slikt forslag:

Styret:

Leiar: Ragnhild Mølster Lidal,	vald for 1 år.
Gunnar Vikan,	attvald for 2 år.
Gunnvor Børsheim Lindland	attvald for 2 år
Berly Mjøs Giljarhus	vald for 2 år

Eldbjørg Foldnes Finne,	ikkje på val (1 år att av valbolken).
Ivar Lindland,	ikkje på val (1 år att av valbolken).
Ola Folkestad,	ikkje på val (1 år att av valbolken).

Varamedlemer til styret, alle valde for 1 år:

Eli Bergstrøm	attvald.
Asle Nesheim	attvald.
Torunn Langmyhr Ringheim	attvald.

Revisorar, alle valde for 1 år:

Gunnar Grove	attvald.
Vara: Arve Søgaard	attvald.

1 representant til landsmøtet i Bergen 15. – 17. juni:

Gunnvor Børsheim Lindland	
Ivar Lindland	1. vara
Eldbjørg Foldnes Finne	2. vara.

Vedtak: Alle vart valde ved akklamasjon utan motkandidatar.

På vegne av styret la Ragnhild Mølster Lidal fram slikt forslag til valnemnd:

Brita Dalsbotnen Glimme	vald for 3 år
-------------------------	---------------

Ole Christian Agerlie,	ikkje på val (har 2 år att av valbolken).
Britt Hernes,	ikkje på val (har 1 år att av valbolken)

(Britt Hernes er leiar/innkallar i valnemnda).

Varamedlem i valnemnda, vald for 1 år:

Laila Røthe	attvald.
-------------	----------

Vedtak: Alle vart valde ved akklamasjon utan motkandidatar.

Lokallagskontingent for 2014:

Styret gjer framlegg om at kontingenten vert uendra.

Vedtak: Kontingenten vert uendra.

Saker som medlemer har fremja for årsmøtet innan 31. januar:

Ingen saker er fremja.

Saker som styret vil ta opp:

Styret gjer framlegg om at laget løyver (bind seg for) kr 5.000 til symjeanlegget Vossabadet.

Vedtak: Laget løyver (bind seg for) kr 5.000 til symjeanlegget Vossabadet.

Ragnhild Mølster Lidal takka på eigne vegne for tilliten og styret for godt samarbeid i året som har gått. Spesielt takka ho Bjørg Draugsvoll, som no går ut av styret, for arbeidet og overrekte blom.

Kaffiøkt:

Orientering, inklusiv misjonering, om planer for komande år ved leiaren:

1. Seinsommarturen, som i år vil verte avvikla 19. og 20. august. Turen vil truleg gå mot havkanten i vest.
2. Teatertur til DNS i Bergen:
 - a. «Privatliv» torsdag 27. mars. Lysing vil kome i avisa
 - b. «Hellemyrsfolket» til hausten (dato ikkje fastlagd). Vil verte utlyst.
 - c. Det er søkt om tilskot frå «Den kulturelle spaserstokken».
 - d. Det vart reist spørsmål ved om bussturen til Bergen bør starte så tidleg at det vert tid til ein kaffi før førestillinga. Det var market ein viss interesse for det. Busturen 27. mars vil difor starte kl 16:30.
3. Mogleg kurs i biletbehandling: Det vart gjeve uttrykk for ei viss interesse. Styret vil arbeide vidare med saka.
4. Nye medlemmer: Oppmoding om å melde frå til styret. Dette i fall ein kjenner til potensielle medlemmer.
5. Oppmoding om å oppgje e-postadresser

Musikalsk innslag ved Arne Viste.

Allsong

Leiaren takka for frammøte

Referentar:


Ola Folkestad


Eldbjørg Foldnes Finne

Protokollen underskriven av:


Eli Bergstrøm


Asle Bergstrøm